


# Årsmelding 2004

SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV HØYERE UTDANNING

no.D1  
2005





# SIUs årsmelding 2004

## INNHOLD

**Innledning**  
/side 04/

**Erasmus Link**  
/side 07/

**Sokrates**  
/side 07/

**Nordplus**  
/side 11/

**Universitets- og høyskole-  
samarbeid med Frankrike**  
/side 12/

**eLæringsprogrammet**  
/side 13/

**NUFU**  
/side 14/

**Norads stipendprogram**  
/side 15/

**Kulturutdanningsprogrammet**  
/side 17/

**Sørøst-Europa- programmet**  
/side 18/

**Profilering i utlandet**  
/side 22/

**Styrer og utvalg i SIU**  
/side 24/

Publisert av Senter for internasjonalisering  
av høyere utdanning (SIU) i mai 2005.

Ansvarlig redaktør: Bjørn Sandnes

Utforming/www.orangeriet.no

Produksjon/www.reinelinjer.no

Trykk/Bryne Offset

Foto/David Zadig

Opplag/1500



# SIU i «ny drakt» og med spennende oppgaver

Senter for internasjonalisering av høyere utdanning (SIU) ble fra 1. januar 2004 etablert som et statlig forvaltningsorgan under Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD). I mars fastsatte UFD de nye vedtektene som åpnet opp for et større arbeidsområde, og det ble oppnevnt et nytt styre for den neste 3-årsperioden. Gunn Mangerud ble tilsatt som ny direktør og tiltrådte stillingen 1. august. Året 2004 har vært krevende og spennende med nye oppgaver og endringer i organisasjonen.

## SIUs samhandling og samarbeid med sektoren

SIU arbeider for internasjonalisering av utdanningssektoren, og det er svært viktig med samhandling og samarbeid med institusjoner og andre organ med ansvarsområder innen utdannings- og forskningsområdet. Som forvaltningsorgan og kompetansesenter fikk SIU i sin nye rolle en styringsstruktur som sikrer slik samhandling med sektoren, både gjennom representantene oppnevnt etter forslag fra UHR og Nettverk for Private Høyskoler (NPH), og gjennom studentrepresentantene som er svært viktige medspillere. En rekke monitor- og dialogmøter med sektoren har vært avholdt i 2004 med bakgrunn i SIUs nye mandat og oppgaver – og SIU har fått verdifulle innspill og ideer.

## Nye oppgaver

De nye vedtektene setter opp fem områder for SIU: Programforvaltning, profilering av Norge som studie- og forskningsland, informasjon og kommunikasjon, kompetansebygging for å fremme internasjonalt samarbeid i sektoren samt rådgivning, utredning og servicefunksjon.

Profilering av Norge og rådgivning, utredning og servicefunksjon for myndighetene er nye oppgaver som vil styrke SIU som et kompetansesenter for internasjonalisering. Flere utredningsoppgaver ble

gjennomført for departementet i 2004, bl.a. knyttet til kinesiske studenter i Norge og til bilaterale avtaler med utvalgte europeiske land.

UFD har som mål å skape bedre nasjonal samordning av de internasjonale satsingene og ønsker derfor å overføre en del oppgaver til SIU. I 2004 har man derfor utredet og forberedt overføring av kvoteordningen, tilleggstipendordningen, og Senter for universitets- og høgskolesamarbeid med Frankrike (SUHF). Det ble bestemt at alle disse fra årsskiftet 2004/2005 i sin helhet skulle forvaltes av SIU.

Ingen har tidligere hatt et samlet nasjonalt ansvar for profilering av Norge som studie- og forskningsland. SIU tok i 2004 initiativ til å kartlegge arbeidsområdet. Det har blitt gjennomført en rekke møter med utdanningsinstitusjoner, organisasjoner og forskjellige myndigheter i Norge, samt møter med SIUs søsterorganisasjoner i Norden og noen andre europeiske land. Hensikten med disse møtene har vært å samle kunnskap om og oversikt over hva norske institusjoner gjør av internasjonal profilering, samt å analysere og vurdere andre lands innsats på dette området. Det skal i 2005 arbeides videre med dette i samarbeid med UFD, UD, studentorganisasjonene og UHR.





Profilering av Norge og rådgivning, utredning og servicefunksjon for myndighetene er nye oppgaver som vil styrke SIU som et kompetansesenter for internasjonalisering.



### Viktige arenaer

For aktuelle tema og for de ulike programområder har SIU i 2004 til sammen arrangert 14 seminar, kurs og konferanser.

Det å skape relevante møteplasser og arrangere seminar har vært, og vil være, et viktig virkemiddel i SIUs internasjonaliseringsarbeid.

For femte gang arrangerte SIU derfor et seminar med institusjonspartnere i Sør for å diskutere og lytte til deres råd om veien videre i NUFU-programmet. Seminaret ble denne gangen holdt på Makerere Universitetet i Kampala, Uganda og gav viktige innspill i prosessen med å planlegge NUFUs tredje periode. På forsommeren arrangerte man for andre gang et kurs for internasjonale koordinatører fra institusjonene. Det ble denne gangen holdt på Høgskolen i Agder, Kristiansand.

### En spennende fremtid

Med utgangspunkt i de nye vedtektene har SIU i 2004 startet en omfattende prosess som skal lede fram til en strategiplan.

Internasjonalisering av høyere utdanning er en av de sentrale delene av Kvalitetsreformen og er en kontinuerlig prosess i utvikling. Det skaper spennende utfordringer, men også høye krav. Norge har også, gjennom å arrangere neste års ministerkonferanse i Bergen satt internasjonalisering av utdanning høyt på den politiske agenda. I samhandling med norske utdanningsinstitusjoner ser SIU frem til å bidra til økt kvalitet i utdanning og forskning!

### STYRET I SIU I 2004:

1. rekke fra v.: Ingvild Broch, Irene Dahl Andersen, Ann Kristin Norum (nestleder), Gunn Mangerud (direktør i SIU)
2. rekke fra v.: Paul J. Manger, Aslak Solumsmoen, Erik S. Evans (fast møtende vara), Gunnar Breivik, Knut Brautaset (leder)

### CONSUMER CITIZENSHIP NETWORK

## Med forbrukarmakt for berekraftig utvikling

ØYSTEIN VIDNES (tekst)

– Vi ønsker å hjelpe samfunnet til å finne alternative løsninger for å skape ei berekraftig utvikling, gjennom nye innfallsvinklar på forbrukarmakt, medborgarskap og miljø, seier Victoria W. Thoresen, prosjektleiar for Consumer Citizenship Network, eit tematisk nettverk i Erasmus.

– Vi treng å femne breitt for å få med alle aspekta i dette fagfeltet, dei dagsaktuelle, dei vitskapelege og dei politiske. Dei ulike instansane har felles interesser, men svært ulike virkeområde og innfallsvinklar. Eit slikt nettverk er difor av stor verdi for dei som er med, men òg for samfunnet, seier Thoresen.

Det omfattande nettverket som starta opp i 2003 og har ein prosjektperiode på tre år, vert koordinert frå Høgskolen i Hedmark. I tillegg til utdanningsinstitusjonar har dei med seg mellom anna UNESCO (FN sin organisasjon for utdanning, vitskap og kultur), UNEP (FN sitt miljøprogram) og forbrukarorganisasjonen Consumers International. I tillegg til midlane frå Erasmus, får prosjektet òg finansiering frå Utdannings- og forskingsdepartementet og Barne- og familiedepartementet.

### Spesiell kompetanse

– Hovudtanken bak prosjektet har vore å utvikle tanken om forbrukaren som ein aktiv medborgar. Vi vil at alle skal tenkje kritisk medvite på konsekvensane av dei vala ein gjer som forbrukar, ikkje berre for ein sjølv, og ikkje berre nasjonalt, men òg internasjonalt, fortel Thoresen.

*Held fram på neste side*



Eit viktig aspekt ved nettverket er difor den direkte kontakten med skulen. Som del av prosjektet har dei mellom anna laga ein læreplan-analyse og utvikla ei eiga lærarrettledning i forbrukar- og medborgarskap.

– Når ein har undervist i skulen om enkeltindividet som borgar og forbrukar, har det vore knytta til dei rettane den enkelte har, men gjennom dette prosjektet ønskjer vi å knyte det like mykje opp til ein tanke om ansvar. Utfordringa er: korleis kan alle få tilfredsstilt sine eigne behov og samtidig bidra til ei berekraftig utvikling?

Det var den spesielle kompetansen Høgskolen i Hedmark har utvikla på feltet som gjorde at dei vart oppfordra til å søkje på eit slikt prosjekt. Erasmus-nettverket hadde ein forløpar i Comenius-nettverket «Developing consumer citizenship», som starta i 2001, også med Høgskolen i Hedmark som koordinator. Her var det deltakarar frå sju land. Ein hadde med seg både lærarutdanning, forbrukarorganisasjonar, andre uavhengige organisasjonar, og i tillegg utdanningsstyresmaktene.

#### **Gjensidig utbytte**

Fagfeltet er ein kombinasjon av tre ting, forbrukarlære, opplæring i medborgarskap og miljøundervising.

– Dette er tema som endrar seg frå dag til dag. Dersom ein skal undervise eller forske i dei, så må ein halde seg oppdatert. Vi ønskte å kombinere dagsaktualitet med det faglege, og det lykttest vi med, på den måten at alle dei ulike partane i nettverket har noko å bidra med til dei andre, påpeikar Thoresen.

Forskingsinstitusjonane bidreg med fagleg innsikt til lærarane og dei uavhengige organisasjonane. Forskingsverda på si side treng den motivasjonen som kjem frå sivilsamfunnet.

– Utfordringa er å skape kontakt og utvikle ein god dialog mellom dei ulike partane. Med dette nettverket skaper vi ein arena der denne kontakten får høve til å utfalde seg, meiner Thoresen.

Framover har prosjektleiinga planar om å utvide nettverket til å omfatte fleire land, også utanfor Europa.

#### **Store konferansar**

Og aktiviteten går ikkje berre føre seg i det stille. I fjor arrangerte nettverket ein stor konferanse i Paris, med meir enn 50 foredrags-haldarar. Resultatet har no kome i bokform. I år vil dei mellom anna stå bak den norske opninga av FNs utdanningstiår, i form av ein konferanse 15. mars, på den internasjonale forbrukardagen. Her blir det deltaking frå Utdannings- og forskingsdepartementet, Miljødepartementet, Utanriksdepartementet, UNESCO, UNEP og mange fleire.

– Sjølv synest eg det er fagleg svært givande å drive slike prosjekt. Sjølv sagt er det krevjande, med mykje administrasjon, men ein møter så mange folk med engasjement, andre perspektiv, idealistisk engasjement, som i seg sjølv gjer det så inspirerande at det er verdt alt saman, seier ei engasjert Victoria W. Thoresen.

## Vidareføring av Erasmus Link

Erasmus Link er «skuggeprogrammet» til Erasmus som vart lansert i 2003 på bakgrunn av løyvingar frå det norske Utanriksdepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet. Programmet skulle fylle Erasmus-programmet sin funksjon overfor dei tolv dåverande kandidatlanda til EU. Frå 2004 vert Erasmus Link ført vidare med støtte til student- og lærarutveksling med Romania, Bulgaria og Tyrkia, medan resten av landa gjennom EU-medlemskapet vart tilgjengelege for vanleg Erasmus-samarbeid.

I skuleåret 2003/2004 oppheldt 149 studentar seg i Noreg. Gjennomsnittsopphaldet var på rundt 4,7 månader. Polen og Ungarn var dei største sendarlanda. 57 fagleg tilsette kom til Noreg, medan 58 reiste ut. Ungarn var det største sendarlandet med 20 fagleg tilsette, medan dei tok imot 14. Restmidlar på ca. ein halv million kroner er overført til inneverande studieår til samarbeid med Bulgaria, Romania og Tyrkia. For 2004/2005 blir det også gitt stipend til norske studentar, slik at utvekslinga no er meir basert på jamvekt.



Frå 2004 vert Erasmus Link ført vidare med støtte til student- og lærarutveksling med Romania, Bulgaria og Tyrkia.

## Framleis Erasmus-auke

**2003/2004 var eit positivt år for Erasmus i Noreg, med auke i både student- og lærarmobiliteten. Særleg er auken i studentmobiliteten gledeleg, ei utvikling som heldt fram frå året før.**

Med 1156 utreisande studentar nådde ein den høgaste deltakinga sidan 1996-97 og den tredje høgaste nokon sinne. Framleis er vi eit stykke frå målet om å nå eit gjennomsnittleg nivå for EUR18-landa, men pila peikar for første gang på fleire år heilt eintydig i rett retning. Auken var på 14,5 prosent i høve til 2002/2003, og tilbakemeldingane frå institusjonane tyder også på at interessa framleis er aukande, noko som ber bod om ei positiv utvikling også framover. Ein går ut frå at Kvalitetsreformen og SIUs marknadsføring av Erasmus dei siste åra er viktige grunnar til at mobiliteten aukar.

### Klare trendar

Trendane for kva land studentane ønskte å reise til gav klare utslag på statistikken. Spania sin vekst, som vart broten i 2002/2003, var på 43 prosent. Landet tronar igjen suverent på toppen som norske Erasmus-studentar sitt mest populære studieland med 231 studentar, noko som tyder at ein femdel av alle Erasmus-studentane drog til Spania. For Frankrike er situasjonen motsett, og landet fall frå første til fjerde plass.

Etter fleire år med nedgang i mobiliteten opplevde Tyskland eit oppsving i 2002/2003. Denne utviklinga heldt fram, og Tyskland var det nest mest populære landet. Å få meir utveksling til Tyskland har vore ønska, fordi landet er ein viktig partner for Norge både politisk, kulturelt og økonomisk. SIU har vendt seg til Tyskland i mykje av informasjonsarbeidet sitt dei siste åra, noko det er gledeleg å sjå resultat av no. Austerrike held òg fram ei positiv utvikling frå året før, og det tyskspråklege Europa verkar dermed å vere meir attraktivt på studentane enn for nokre år sidan.

Også tala for Italia, Hellas, Portugal og dei nordiske nabolanda Sverige og Danmark er positive. Finland står derimot meir eller mindre stilt på same nivå med berre 15 norske studentar. Dette er paradoksalt, i og med at Finland relativt sett er eit av dei mest populære landa i Erasmus, med over 5 000 innreisande studentar siste året. For å gjere noko med denne situasjonen, arrangerte SIU i samarbeid med systerorganisasjonen CIMO i Finland i januar 2005 eit kontaktseminar for norske og finske universitet og høgskular. Det var over 50 deltakarar frå Noreg på dette seminaret, noko som tyder på stor interesse for å auke samarbeidet med Finland.

*Held fram på neste side*



### Meir lærarutdanning, kunst og helsefag

Blant fagområda er det framleis økonomi som dominerer, med ein knapp firedel av den totale studentmassen. Dette speglar tilhøvet i Europa for øvrig. Auke finn vi elles i lærerutdanning, kunst og helsefag. Innanfor humaniora er det derimot nedgang, medan språkfag står meir eller mindre stille, på eit langt lågare nivå enn for nokre år tilbake.

Fleire av dei statlege høgskulane har opplevd svært kraftig auke i studentmobiliteten. Blant universiteta peikar NTNU seg ut med ein kraftig auke og den suverent høgaste mobiliteten. For dei andre universiteta er det ingen dramatiske endringar; ein liten auke for Universitetet i Bergen, og ein liten nedgang for Universitetet i Oslo. Begge desse bør ha potensial for å sende ut langt fleire studentar.

Auken i lærarmobiliteten i 2003/2004 var på 5 prosent, og i alt nytta 245 fagleg tilsette seg av Erasmus-programmet. Dette er det høgaste talet nokon sinne, men likevel vil SIU seie seg til dels skuffa over resultatet. Mange andre land rapporterer langt sterkare auke. 59

lærarar reiste ut på Erasmus Link i 2003/2004, og når denne aktiviteten no blir kopla til Erasmus-programmet blir det difor forventa ein auke i lærermobiliteten neste år.

Det er dei statlege høgskulane som har best deltaking i denne delen av programmet. Dei fire universitetene står for halvparten av studentutvekslinga, men berre for 13 prosent av lærarutvekslinga.

### Samarbeid med dei nye EU-landa

Frå og med det inneverande året er det ti nye land vi kan samarbeide med i Erasmus. Allerede i 2003/2004 var det lærarutveksling innan Erasmus med Slovakia og Tsjekia. Gjennom Erasmus Link var det stor aktivitet når det gjaldt lærarutveksling, men den store utfordringa no består i å få norske studentar til å søkje seg til desse landa; førebelse tilbakemeldingar frå institusjonane tyder ikkje på overveldande interesse. Det er likevel ingen tvil om at sjansane til å auke omfanget av den norske Erasmus-deltakinga aldri har vore større enn no, og Kvalitetsreformen vil framleis gi eit viktig bidrag.

PARIS



## Stor interesse for Comenius

**Comenius-programmet er viktig for den norske skulen. Etter at programmet vart oppretta i 1995 har meir enn kvar tredje norske skule delteke i programmet, anten gjennom prosjekt eller individuelle stipend.**

Søknadsmassen til Comenius-prosjekt auka i 2003/2004 med 14 prosent i høve til året før. I 2004 tok SIU imot 323 søknader om støtte til Comenius-prosjekt, og det var midlar til å støtte 70 prosent av desse, noko som utgjer 233 prosjekt. Støtta til kvart av prosjekta auka òg, på grunnlag av at mobiliteten framleis går opp. Lærarane ønskjer å reise til dei landa dei samarbeider med, og dette er også sentralt for å få mest mogleg ut av eit prosjekt. Gjennom direkte møte med kollegaer, elevar og skular i andre land, får ein nye impulsar, og dessutan ei anna forståing av det språklege mangfaldet, noko som er eit av dei viktigaste måla til Comenius-programmet. Då EUs handlingsplan for språkleg mangfald i Europa vart lansert i 2004, var nettopp Comenius-programmet heva fram som eit av dei viktigaste verkemidla for å nå måla i planen.

Mellom tiltaka SIU brukar for å rekruttere nye skular til Comenius, er kontaktseminar og førebuande besøk. Dette har vist seg som svært effektive tiltak for føremålet. Tala viser at 9 av 10 deltakarar på slike seminar og besøk kjem med i samarbeidet om ein prosjektsøknad i løpet av det første året etter deltakinga. SIU prøvar også gjennom

desse tiltaka å sikre ei jamnare geografisk deltaking, der skular i underrepresenterte fylke vert særleg bedne. SIU arrangerte to kontaktseminar i Noreg, eit i Stjørdal og eit på Lillehammer.

Særleg sterk er den norske deltakinga i såkalla skuleutviklingsprosjekt. Målet med desse prosjekta er å betre skuleleiing og pedagogisk praksis, og det blir lagt vekt på utprøving av leiingsformer og pedagogisk nytenking.

Framleis er ordninga med etterutdanningsstipend til framandspråklærarar for dårleg nytta. Det kom inn 99 søknader, 72 vart innfridde. Det mest populære språket er spansk.

Den niande utgåva av informasjonsavisa Europavegen vart gitt ut i 2004, i samarbeid med Teknologisk Institutt (som administrerer Leonardo da Vinci-programmet) og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (som administrerer Ung i Europa-programmet). Avisa blir distribuert til alle skulane i landet, i tillegg til andre institusjonar og personar som arbeider med utdanning og ungdomsarbeid. Det er grunn til å tru at dette framleis er eit viktig bidrag til å spreie informasjon om Comenius, i tillegg til fleire av dei andre programma SIU administrerer. Med jamne mellomrom sender SIU òg ut eit eige nyheitsbrev om Comenius.





GRUNDTVIG

## Samarbeid på tvers

**Norske institusjonar markerer seg godt i den sentralstyrte delen av Grundtvig-programmet. I den nasjonalt styrte delen har Noreg fått ein formidabel budsjettauke på grunnlag av stor søknadsmengde.**

Grundtvig er EUs program for europeisk samarbeid innan vaksne si læring. Målgruppa for programmet er alle som legg til rette for vaksne si læring: utdanningsinstitusjonar, bibliotek, museum, arbeidsliv og frivillige organisasjonar.

Norske institusjonar deltek i tolv av i alt 70-80 større prosjekt som årleg får EU-kommisjonen si støtte. Dette er svært bra deltaking frå norsk side. Dei norske deltakarane nyt stor tillit i Grundtvig-programmet og har hatt innverknad på utviklinga av programmet. VOX er mellom institusjonane som markerer seg aller sterkast. Dei koordinerer to store europeiske nettverk: Eit med lese- og skrivevanskar som tema, og eit om familieundervising. Til saman er det seks prosjekt som har norske koordinatarar.

Ein kan også seie at Grundtvig-programmet har vore viktig på nasjonalt plan. Det har spora til samarbeid på tvers av institusjonstypar, til dømes mellom utdannings- og kulturinstitusjonar. På to så ulike felt som fengselsundervising og undervising i norsk som framandspråk kan ein seie at Grundtvig-programmet har hatt innverknad. Ofte har dei norske deltakarane byrja i det små, med mindre læringspartnarskap, for så å gå over til å bli drivande krefter i større prosjekt.

I den nasjonale delen av programmet vart det i 2003/2004 gitt støtte til 28 læringspartnarskap og 23 individuelle stipend. 23 norske institusjonar deltok på kontaktseminar eller førebuande besøk i utlandet. Etter 2003/2004 kom det ei budsjettauke for Grundtvig i Noreg på 40 prosent. Bakgrunnen for dette er at budsjettfordelinga i stor grad blir bestemt av kor mange søknader ein hadde året før. Det relativt store talet på søknader resulterte i større tildelingar. I løpet av 2004 vart bemanninga på Grundtvig-programmet auka med ei halv stilling. Tanken bak dette er å nå betre ut, mellom anna ved å styrke informasjonsarbeidet. SIU vonar at dette kan føre til vidare auke i aktiviteten.

## Arion-deltakinga på godt nivå

Arion er eit av dei eldste tiltaka til Europakommisjonen, og skal fremja kunnskap om og kjennskap til utdanningssystem på tvers i Europa. Det er det einaste tiltaket som er retta utelukkande mot spesialistar og avgjerdstakarar innanfor utdanning, og ikkje har fagpersonar som målgruppe. Fagpersonar kjem inn i kraft av si administrative stilling i utdanningssystemet.

Kvart år sender Europakommisjonen ut om lag 1700 spesialistar på om lag 200 kurs innanfor 25 hovudområde som kvart år blir bestemt i ei årleg utlysing. Stipenda er fordelte etter folketal og til ein viss grad etter kapasitet, og Noreg hadde for studieåret 2003/2004 34 plassar i utlandet. Noreg har hatt i gjennomsnitt fire kurs kvart år opne for utanlandske spesialistar. Desse har for det meste vore arrangerte av Statens utdanningskontor, men også fylke og kompetansesenter har vore mellom arrangørane.

Det er SIU, i kraft av si stilling som nasjonalkontor for Sokrates, som handsamar søknadene, nominerer kurshaldarar og stipendiatar til Brussel og står for utbetaling og rapportering i etterkant. SIU har motteke i gjennomsnitt om lag 80 søknader kvart år. Finansieringa er ikkje noko problem, og deltakinga har alltid vore god med få avmeldingar. Fordelinga mellom kjønn har også vore betre enn i mange andre land, til dels med overrepresentasjon av kvinner på søkjarlistene. Dei norske kursa har hatt godt ord på seg for høgt fagleg nivå, god leiing og oversiktleg praktisk organisering. Så langt har vi ikkje opplevd avlyste kurs.

## SIU som medadministrator for Nordplus



Som følge av ei omorganisering vart hovudadministrasjonen for Nordplus-programmet frå januar 2004 flytta frå SIU til CIMO i Finland, som difor òg skulle ta seg av søknadshandsaminga. Noregs Forskringsråd vart medadministrator for programmet, i samarbeid med SIU, for informasjon og rettleiing i Noreg.

Det vart tidleg klart at det elektroniske systemet som Nordplus-familien skulle nytte seg av til dette arbeidet, ikkje kunne bli ferdig til søknadsfristen for Nordplus, og i januar gjorde CIMO og SIU, i forståing med Nordisk Ministerråd, ein avtale om å nytte SIUs allereie gjennomprøvde elektroniske administrative system for å motta søknader på vegner av CIMO. SIUs oppgåve var, i tillegg til å motta søknadene i sin database, å rettleie søkjarane i prosessen og sende det endelege resultatet til CIMO. 331 søknader kom inn. Alle vart nøye kontrollert og kvalitetssikra av SIU før oversending til CIMO.

I arbeidet med medadministrasjon av Nordplus, har SIU delteke på nettverksmøter med norske koordinatorar og partnerar, gitt råd og rettleiing til søkjarar, initiert nye nettverk og informert om programmet på ei rekkje seminar og konferansar. Vi torer å seie at dette ikkje har vore avgrensa berre til Noreg, for på grunn av tidlegare administrasjon av programmet har mange søkjarar vendt seg til oss også frå andre nordiske land. SIU har delteke på medadministrasjons- og drøftingsmøter saman med dei andre nordiske kontora som styrer Nordplus-familien, og også vore med i sjølve vedtaksprosessen før innstillinga til HØGUT.

SIU har delteke på nettverksmøter med norske koordinatorar og partnerar, gitt råd og rettleiing til søkjarar, initiert nye nettverk og informert om Nordplus på ei rekkje seminar og konferansar

Ein sentral del av verksemda er å informere om studium i Frankrike.

## Universitets- og høgskolesamarbeid med Frankrike

Frå august 2004 har Senter for universitets- og høgskolesamarbeid med Frankrike (SUHF) vore innlemma som ein del av SIU. SUHF vart oppretta i 1988 og har opphavet sitt i den såkalla Trollavtalen som vart inngått mellom Noreg og Frankrike i 1986. Trollavtalen omfatta økonomisk, industrielt og vitenskapleg samarbeid og har utvilsamt vore eit vesentleg bidrag til styrking av det bilaterale tilhøvet mellom Frankrike og Noreg.

SIUs nye bilaterale program med Frankrike skal stå til teneste for alle norske utdanningsinstitusjonar i Noreg med informasjon om studier i Frankrike og hjelpe studentar og vitenskapleg tilsette/forskarar til studier og samarbeid på universitets- og høgskulenivå.

Lånekassen sin statistikk viser at det i 2003/2004 var 489 gradsstudenter og 330 norske delstudentar i Frankrike. 106 av gradsstudentane var formidla gjennom ordninga – i overkant av 20 prosent. Dette viser at SIUs nye bilaterale program yter eit vesentleg bidrag til formidlinga av norske studentar til Frankrike.

### Informasjon og tilrettelegging

Ein sentral del av verksemda er å informere om studium i Frankrike, på vidaregåande skular, universitet og høgskular, mellom anna gjennom eigne informasjonsturnear, der franske lærarar og norske studentar deltek. Til dømes vart 18 vidaregåande skular besøkte i løpet av ei veke i oktober 2004. Dette er tiltak skulane set stor pris på. Berre til Toulouse er det sidan starten i 1990 rekruttert elevar frå 115 vidaregåande skular i Noreg. I 2004 formidla SIU informasjon om Frankrike på sju utdanningsmesser i Noreg.

SIU fekk frå august 2004 ansvaret for tilrettelegginga av enkelte studium i Frankrike. Arbeidet med å planlegge slik tilrettelegging går tilbake til 1984, fire år før SUHF vart oppretta, og kom i stand fordi ein hadde erfart at det var mykje vanskelegare å få til opptak av norske studentar i Frankrike enn i andre land. Det blir kravd langt meir og annleis tilretteleggingsarbeid for å få ein sivilingeniør- eller økonomistudent til Frankrike enn til dømes til USA eller Storbritannia.

Etter meir enn 16 år med kontaktskapande arbeid har SUHF opparbeida personlege kontaktar – oftast med leiinga – på svært mange høgare utdanningsinstitusjonar i Frankrike. Dette kontaktnettet blir no gjennom SIU stilt til disposisjon for norske universitet og høgskular, samtidig som SUHF kan hjelpe til med å opprette kontakt på andre institusjonar. Det meste av tilretteleggingsarbeidet som er gjort til no tek sikte på at studenten skal oppnå ein fransk grad. Studentar får også hjelp til å komme inn i kortare delstudier i Frankrike. Dette har ofte vore Erasmus-studentar, men også andre studentar.

# Første runde for eLæringsprogrammet

## Synergi-effekt i Toulouse

Dei to største studietilboda under den bilaterale ordninga er det femårige studiet til sivilingeniør (master i teknologi) på INSA Toulouse og det seksårige økonomistudiet (master i økonomi) ved Université Toulouse I, Sciences Sociales. Ved det førstnemnde er det no 39 norske studentar. Om hausten vart det femtande kullet med elleve nye studentar teke opp på grunnlag av eksamen frå norsk vidaregåande skule. SUHF/SIU stod for rekrutteringa og arrangerte opptaksprøvene saman med INSA. Ved Université Toulouse I er det 55 norske studentar ved økonomistudiet. SIU har no saman med Université Toulouse I ansvaret for opptaket. Rapportane frå begge universiteta er svært positive, og dei norske studentane sine resultat ligg i snitt faktisk over dei franske studentane sine karakterar.

Å ha begge studieopplegga i ein by skapar synergi-effektar ved at dei prosjektansvarlege ved dei to studiestadene kan lære av kvarandre. Samarbeidspartnarane våre stadfester at dette har slått til.

Gjennom SUHF overtok SIU også ein avtale om eit eitt-årig studieopplegg i omsetjing, med det som blir rekna som Europas fremste høgskule for omsetjar- og tolkutdanning, École Supérieure d'Interprètes et de Traducteurs (ESIT) i Paris. Dette skjer i samarbeid med Universitetet i Oslo. Studiet starta i oktober 1998. Lånekassen dekkjer skulepengane.

SIU overtok også ansvaret for å informere om andre utvalde studium og arrangerer på vegner av institusjonen opptaksprøver til enkelte av desse. Dette inkluderer administrasjon og koordinering av den norske siden av Fransk-Norsk Senter for Utveksling og Samarbeid ved Universitetet i Caen Basse-Normandie. OFNEC tilbyr både kurs og tenester på ulike felt, deriblant kontakt mellom norske og franske forskingsmiljø og studieopphald for lærarar og skuleklassar.

**Den første søknadsrunden på eLæringsprogrammet gav god uttelling for norske e-læringsmiljø. Heile seks institusjonar er inne anten som partnerar eller som koordinator av i alt 25 innvilga prosjekt.**

På nokså kort varsel i vår sette norske miljø seg ned og sende søknad til den første utlysinga i e-læringsprogrammet. Tre norskkoordinerte søknader kom inn av totalt 309 i heile Europa. 25 blei innvilga støtte. Etter søknadsrunden står Noreg igjen med ein norskkoordinert søknad og fem partnerar på fem prosjekt. Den norske søknaden vart jamvel vurdert som ein av dei beste innanfor sitt kapittel. Det er TISIP i Sør-Trøndelag som står bak denne.

## Pedagogikk

Utdanning og læring er midt oppe i ein periode med grunnleggjande endringar mot eit samfunn der livslang læring spelar ei sentral rolle. For å møte desse utfordringane har Europakommisjonen sett i verk ei rekkje tiltak. Eit av desse er eLæringsprogrammet. Her skal det ikkje først og fremst vera sjølv teknologien som er det viktigaste. No er det korleis og når vi skal bruka e-læring på beste måte i skulen, på universitetet, i opplæring og på arbeidsplassen. I dag er det pedagogikken, praksis og innhaldet som er det viktigaste.

Hovudmålsetjinga for eLæringsprogrammet er difor å støtta og vidareutvikla effektiv bruk av IKT innanfor dei europeiske utdannings- og opplæringsssystema for å auka kvaliteten og fremja tilpassing til samfunnets krav i samband med livslang læring.

Programmet fell i fire delar:

Tiltak 1: Utbreiing av digital dugleik

Tiltak 2: Europeiske virtuelle universitet

Tiltak 3: e-partnerskap mellom europeiske skular på grunn- og vidaregåande steg og fremje av lærarutdanning på området, eTwinning

Tiltak 4: Tverrgående tiltak og tilsyn med handlingsplanen for e-læring

Programmet skal støtta mellom anna pilotprosjekt, utvikling av metodar, verktøy og praksis innanfor e-læring, nyskapande tiltak gjennom nettverk og partnerskap, europeisk samarbeid og teknisk bistand for e-læring.

Programmet har for perioden 1. januar 2004 til 31. desember 2006 44 millionar euro til disposisjon.

SIU overtok administrasjonen av programmet i 2004. Tiltak 3, eTwinning, har nasjonale støttefunksjonar i kvart einskild land som skal informera og tilretteleggja. I Noreg ligg denne funksjonen i Utdanningsdirektoratet. Samarbeidet under dette tiltaket skal gå føre seg på Skolenettet.

# Fokus på faglige resultater

Oversjøisk seksjon ved SIU administrerte i 2004 stipend-, utdannings- og forskningssamarbeidsprogram med et samlet programbudsjett på vel NOK 156 millioner kroner. Studentdrevet forskning er SIUs viktigste instrument for utvikling av ny kunnskap i Sør og i Øst. De fleste programmene bruker master- og dr.gradsstudenter som virkemiddel for kunnskapsutvikling og kapasitetsbygging. Alle seksjonens programmer har som mål å bidra til bedre institusjonell kapasitet ved utdanningsinstitusjoner i Sør og Øst. NUFU og Øst-europaprogrammene har vektlagt det likeverdige partnerskapssamarbeidet. Norads stipendprogram er primært et norsk program, men utviklet i 2004 nye samarbeidsmodeller med Sør-institusjoner, særlig gjelder dette ved Norges Landbrukshøgskole (nå UMB), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) og Universitetet i Oslo (UiO).

# Prosjektformidling i NUFU

Via NUFUs prosjektsider på [siu.no](http://siu.no) blir nye vitenskapelige publikasjoner registrert kontinuerlig. Et eksempel er NUFU-prosjektet «Biodiversity and Plant-Animal Interactions in Uganda». Prosjektet er et samarbeid mellom forskere ved Makerere universitetet i Uganda og Universitetet for miljø- og biovitenskap i Norge. Prosjektet har som mål å studere biodiversitet og interaksjon mellom planter og dyr i forhold til blant annet økologi, klima og ressursforvaltning. Prosjektet finansierer ni Ph.D.-studenter. For dette prosjektet alene ble det registrert 24 vitenskapelige artikler under [www.siu.no/nufu/projects](http://www.siu.no/nufu/projects). Oversikten på [siu.no](http://siu.no) gjør det mulig både for lekfolk og fagpersoner å følge med på faglig produksjon i NUFU. Tabell 1 viser oversikt over bøker og artikler som var registrert per 7.3.2005 i NUFU.

TABELL 1: FAGLIG PUBLISERING I NUFU I 2002, 2003 OG 2004

Publikasjonsform	2002	2003	2004	SUM
Artikler	115	142	223	480
Bøker	27	35	34	96
Andre publikasjoner	211	198	108	517

## Mastergrader på Norads stipendprogram

Norads stipendprogram gir i all hovedsak støtte til mastergradsstudenter som tar sin grad i Norge. Programmet tar opp studenter med permisjon fra arbeidslivet i institusjoner og foretak. Studentene kan komme både fra offentlig og privat sektor, men opptaket er avgrenset til land som er prioritert for norsk bistandssamarbeid i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Tabell 2 viser antall studenter som er uteksaminert med mastergrad i 2004. Mastergradsoppgavene er dokumentert i stipendprogrammets database ([www.siu.no/vitenskapsproduksjon](http://www.siu.no/vitenskapsproduksjon)). Flere og flere studenter publiserer sine oppgaver elektronisk.

TABELL 2: MASTERGRADSOPPGAVER FORDELT PÅ LAND OG KJØNN

Land	Kvinner	Menn	Totalt
Bangladesh	2	3	5
Bhutan	0	1	1
Botswana	1	0	1
Eritrea	1	1	2
Etiopia	3	8	11
India	1	1	2
Malawi	5	2	7
Mali	0	1	1
Mosambik	3	0	3
Namibia	1	0	1
Nepal	4	3	7
Pakistan	2	2	4
Sør Afrika	1	2	3
Sri Lanka	1	1	2
Tanzania	5	3	8
De palestinske områdene	0	1	1
Uganda	9	3	11
Vietnam	3	3	6
Zambia	3	0	3
Zimbabwe	1	1	2
<b>Totalt</b>	<b>46</b>	<b>35</b>	<b>81</b>



# Global Knowledge

## Nytt magasin for fag- og samfunnsdialog

